



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

Arild Haugsvær

Austfjordvegen 2652
5981 Masfjordnes

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/1061-5	Jan Kvingedal	19.06.2026

Melding om delegert vedtak - Garasje - gbnr 30/83

Administrativt vedtak saknr.: 47/2026 Delegert Teknisk utval

Adresse: Austfjordvegen 2652, 5981 Masfjordnes Eigedom gbnr: 30/83

Tiltakshavar: Arild Haugsvær

Søkjar: Arild Haugsvær

Tiltakstype: Garasje

Søknadstype: Søknad uten ansvarsrett

VEDTAK

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4 løyve til etablering av garasje på eigedom gbnr 30/83. Løynet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan 14.03.26 vedlagt søknad
- Tiltaket skal målast inn og koordinatar sendast kommunen før eller saman med at det vert søkt om ferdigattest for tiltaket
- Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest

Toleransegrense

Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld og for vedtak om dispensasjon.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Antal	Sum
10.2.1	Basisgebyr, tiltak som tiltakshavar kan søkja sjølv	1	6.035,-
Totalt gebyr å betala			6.035,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21- 4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING


Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje 45,3 m2 BYA på gbnr. 30/83.


Det vert elles vist til søknad motteken 01.06.2026 og supplert 18.06.26.

Fakta



Det er søkt om slik plassering av tiltaket:




Snitt:



Tiltaket får slik utforming:



Perspektiv Nord-Øst



Perspektiv Nord-Vest

Tiltaket ligg i areal BF10 i Sandens områdeplan, med planID 4634_126620110002 og er avsett til bustad. Det er om lag 1,5 m til næraste grense.

Eigedommen er regulert til bustad og har frå før eit bustadhus i same stil som det omsøkte tiltaket. I utgangspunktet kunne tiltaket blitt utført utan søknad etter reglane i plan- og bygningslova (pbl) §20-5, jf sakshandsamingsforskrifta §4-1 a) , men då gesimshøgda vert over dei tilletne 3 metrane, må ein søkja etter reglane i pbl. §20-4, som tiltak utan ansvarsrett.

Tilleten grad av utnytting er 35%, eigdommen får etter tiltaket ei utnyttingsgrad på 24%.

Vurdering

Tiltaket er i samsvar med planformål og utnyttingsgrad.

Tiltaket er lovleg nabovarsla.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 2026/1061

Du kan klage på vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak som du kan klage på. Vil du klage, må du sende klage innan 3 veker frå du mottok vedtaket. Du sender ein skriftleg klage til kommunen, der det går fram kva vedtak du klagar på og kva endring du ønskjer. Meir informasjon om dine rettar for klage går fram av forvaltningslova §§ 28-36.

Eit søksmål eller krav om erstatning kan ikkje fremjast før du har brukt klageretten din fullt ut, jf. forvaltningslova § 27b.

Med helsing

Jan Kvingedal
sakshandsamar

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur